

Protokollar

2001

Styre og

Rep. skap for

VØR



MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR onsdag 19/06-02 på Miljøstasjonen.
Møtet tok til kl. 15.00
Møtet slutta kl. 17.00

Desse møtte:
Knut Steinsvik
Oddrun Aarflot
Arild Iversen
Turid Krumsvik
Inger J. Åkre
Ola Selbervik
Brynjulf Skurtveit
Nils Trovåg

Ingrun Aud Humberstet melde fråfall, og Turid Krumsvik møtte istaden.

Styreleiar Kari Aamaas møtte på vegne av styret
Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.
Brynjulf Skurtveit og Turid Krumsvik vart vald til å skrive under møteboka.

REP.SAK 01-02. GODKJENNING AV ÅRSMELDING 2001. VEDTAK (8 RØYSTEFØRE)

Representantskapen godkjenner den framlagde årsmeldinga for 2001 slik det ligg føre.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga

REP.SAK 02-02. GODKJENNING AV REKNESKAP FOR 2001. VEDTAK (8 RØYSTEFØRE)

1. Representantskapen godkjenner den framlagde rekneskapen slik den ligg føre.
2. Representantskapen vedtek å sette av overskotet til inndekking av tidligare års underskot.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

REP.SAK 03-02. ORIENTERINGSSAK- DRIFT AV VØR. Dagleg leiar orienterte om VØR sin drift.

Rett utskrift 19.06.01

Knut Steinsvik

Knut Steinsvik

Petter Bjørdal

Petter Bjørdal
referent

Brynjulf Skurtveit

Brynjulf Skurtveit

Turid Krumsvik

Turid Krumsvik

MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR IKS

Det vart halde møte i representantskapet i VØR tirsdag 11/12-01 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 15.00

Møtet slutta kl. 17.00

Desse møtte:

Knut Steinsvik

Ola Selbervik

Nils Trovåg

Ingrunn Humberset (kom kl. 15.45)

Inger J. Akre

Brynjulf Skurtveit

Arild Iversen

Oddrun Aarflot melde fråfall. Styreleiar Kari Aamaas møtte på vegne av styret

Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Arild Iversen og Inger J. Åkre vart vald til å skrive under møteboka.

Etter møtet inviterte representantskapsleiaren dei frammøtte til årsavslutning på Norlandia Viking Fjord Hotel med servering av julemiddag.

REP.SAK: 05-01. DRIFT AV VØR – ORIENTERING

Dagleg leiar orienterte om drifta.

Representantskapen hadde ein diskusjon om nivået på differensiering, innsparing ved sortering og VØR sin prispolitikk.

REP.SAK: 06-01. VAL AV STYRE.

VEDTAK (7 RØYSTEFØRE)

Representantskapen gjorde i samsvar med vedtektene § 8, slikt val av styre:

Leiar: Kari Aamaas

nestleiar: Ove Lid

representant Ørsta: Ivar Aarskog

representant Volda: Ann Britt Våge Fannemel

Personleg vara: Alf Kristoffersen

Personleg vara: Kai Raaberg

Personleg vara: Petra Humberset

Personleg vara: Synnøve Rekkedal Hill

Samrøystes vedteke

Handsaminga.

Representantskapsleiar fremja framlegg på sitjande styre med personlege vara.

**REP.SAK: 07-01. REKOM – VARTDAL PLAST. UNNATEKE OFF.L. § 6.2.B
VEDTAK (7 RØYSTEFØRE)**

1. Representantskapet tar orienteringa til administrasjonen til vitande.
2. Representantskapen gir styret fullmakt til å gå vidare med arbeidet med å få til ei lokal forbrenningsløysing bygt på prinsippet om at VØR er ein av fleire aktørar i dette selskapet.
3. Saka vert å kome attende til når det ligg føre fleire opplysningar i saka.
4. Styret vel representantskapsleiar Knut Steinsvik og styreleiar Kari Aamaas til drøftings/forhandlingsnemd ilag med dagleg leiar.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga

Rett utskrift 11.12.01




Knut Steinsvik



Inger J. Åkre



Arild Iversen



Petter Bjørdal
referent

MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR torsdag 25/10-01 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 15.00

Møtet slutta kl. 17.00

Desse møtte:

Knut Steinsvik

Ingrunn Humberset

Oddrun Aarflot

Inger Åkre

Ola Selbervik

Nils Trovåg

Brynjulf Skurtveit

Meldt fråfall: Arild Iversen

Styreleiar Kari Aamaas møtte på vegne av styret

Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Oddrun Årflot og Brynjulf Skurtveit vart vald til å skrive under møteboka.

REP.SAK 03-01. BUDSJETT 2002 VEDTAK (7 RØYSTEFØRE)

Representantskapen vedtek i medhald av lov av 13 mars 1988, nr 6 om vern mot forureining og avfall, å tilrå Volda og Ørsta kommunestyre å vedta slike satsar for avfallsgebyr for 2002. Alle summar ekskl. MVA

1.1 Hushaldningsgebyr pr abonnent:

- | | |
|--|-----------|
| a) Småhushald. Henting annakvar veke 140 L | kr 1860,- |
| b) Standardhushald Henting kvar veke 140 L | kr 2100,- |
| c) Storhushald. Henting kvar veke 240 L | kr 3980,- |
| d) Standardhushald med kompostering Henting annakvar veke 140 L | kr 1710,- |
| e) Storhushald med kompostering Henting annakvar veke 240 L | kr 3420,- |
| f) Samarbeid inntil 2 abonnentar, 140L henting annakvar veke; pr abonnent | kr 1790,- |
| g) Samarbeid inntil 2 abonnentar, 140L, henting kvar veke; pr abonnent | kr 1970,- |
| h) Samarbeid 240L eller større, henting kvar veke inntil 140L; pr abonnent | kr 2020,- |

1.2 Gebyr for næringar:

- | | |
|------------------------|------------|
| a) Årsgebyr | kr 2260,- |
| b) Årsgebyr 240 l dunk | kr 4520,- |
| c) Årsgebyr 340 l dunk | kr 6780,- |
| d) Årsgebyr 660 l dunk | kr 11300,- |

1.3 SLAM

HEILÅRSBUSTAD. FRITIDSBUSTAD

- | | | |
|---|-----------|-----------|
| a) Gebyr pr tank inntil 4,5 m3 | kr 690,- | kr 345,- |
| b) Gebyr for to husvære m. tank intil 7 m3 | kr 1095,- | kr 547,50 |
| c) Gebyr for 3 husstandar m. tank intil 10 m3 | kr 1630,- | kr 815,- |
| d) Gebyr pr m3 over 4,5 m3 | kr 360,- | |
- Slammet skal tømast annakvart år for heilårsbustad og kvart fjerde år for fritidsbustad.

1.4. Pris pr kolli sekk: kr 46,-

2. Styret rår representantskapen til å godkjenne ei låneramme stor kr 6.000.000 til investeringar og driftsmidlar i år 2002.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga

REP.SAK 04-01, DRIFT AV VØR - ORIENTERING

Dagleg leiar orienterte.

Møte slutt kl 17.00

Rett utskrift 25.10.01

Knut Steinsvik

Oddrun Årflot

Brynjulf Skurtveit

Petter Bjørdal
referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR

Møtedato 25.02.02

Møtet tok til 15.00

Møtet slutta 19.00

Desse møtte:

Kari Aamaas

Ove Lid

Ivar Aarskog

Ann Britt Våge Fannemel

Ove Myklebust

Knut Steinsvik (leiar i representantskapen.)

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka.

Kari Aamaas leia møtet.

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste som vart godkjent.

Ove Lid fekk permisjon etter sak 01-02.

SAKLISTE:

SAK NR 01-01: REFERATSAKER

Følgjande saker vart referert:

- Brev til Rune Olav Aarseth Unnateke off.§ 5 a
 - Brev til Ingvard Solvang. Unnateke offl.§ 5.a.
 - Abonnementavtale kart Ørsta kommune (og Volda kommune)
 - Aksept nytt lån – kommunekreditt
 - Melding til styret – val av bank
 - Årsmøte i avfallsforum
 - Firmaattest – Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS
 - Søre Sunnmøre Kommunerevisjon – brev
 - Brev til advokat Anne Grete Kjelland
 - Nyhetsbrev frå NRF
 - Brev frå Tafjord Kraftvarme
 - Helge Bjørkedal – merknad til forslag om renovasjonsgebyr.
 - Fakturering sjølv – melding til styret
 - Meiravskriving 2001 – melding til styret
 - Avtale REKOM / BIOGAS.
 - Årsmøte avfallsforum – program og påmelding.
 - Melding om politisk vedtak – Volda Kommune. Avgiftssatsar 2002.
- Styret ber administrasjonen lage ei sak om differensieringa av avgiftene no i vår.
- Per Åge Bøstrand – spørsmål om møte.

SAK NR 02-01: ÅRSMELDING 2001

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Styret godkjenner den framlagde årsmelding slik den ligg føre. Styret ber om at den blir lagt fram for representantskapen til endeleg godkjenning.

Handsaminga.

Styret ber om at dei ekstraordinære avskrivningane blir tatt med i notane.

Elles vart årsmeldinga godkjent samrøystes i tråd med tilrådinga.

SAK NR 03-02 OLAV HUNNES – KLAGE PÅ VEDTAK.

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Styret for VØR viser til klage på vedtak av 17.01.02 og finn ikkje å kome klagen i møte i samsvar med gjeldande renovasjonsforskrifter §§ 10 og 11.

Vedtaket vert ikkje gjeve oppsitjande verknad etter fvl. § 42. Det vil seie at utsendt rekning må betalast og at rekninga eventuelt blir tilbakeført dersom vedtaket skulle verte endra ved eit seinare høve.

I samsvar med fvl. §§ 28 og 29, kan vedtaket påklagast til formannskapet i Volda, og skal stilast til styret i VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

Handsaminga.

Samrøystes i tråd med tilrådinga.

SAK NR 04-01. INVESTERINGAR 2002 – KJØP / LEASING AV BIL.

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

1. Styret vedtek å omdisponere investeringsbudsjettet, frå utskifting av komprimatorstasjon til investering i ein ny renovasjonsbil.
2. Styret vedtek å med visning til vedtekne budsjett og framlagde tilbod å kjøpe eller lease renovasjonsbil innafor ei samla ramme på kr 1.465.000,- og ber rep.skapen godkjenne låneopptaket.
3. Styret ber administrasjonen om å nytte seg av det tilbodet som samla sett er rimeligaste for VØR.

Handsaminga.

Samrøystes i tråd med tilrådinga.

Rett utskrift 25.02.02



Kari Aamaas



Ove Myklebust



Ann Britt Vaage Fannemel



Ivar Aarskog



Petter Bjørdal
referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR

Møtedato 05.12.01

Møtet tok til 16.00

Møtet slutta 18.00

Desse møtte:

Kari Aamaas

Ove Lid

Ivar Aarskog

Ove Myklebust

Knut Steinsvik (leiar i representantskapen.)

Fråvær: Ann Britt Våge Fannemel

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka..

Kari Aamaas leia møtet.

Det var ikkje merknader til innkallinga.

Sakliste vart godkjent med tillegg av sak 39-01. Tilsetting av Øystein Brudevoll i vikariat for Alex Heltne.

SAKLISTE:

SAK NR 36-01: REFERATSAKER

Følgjande vart delt ut til møtedeltakarane:

-Oversikt over innsamlingsrutene pr 26.11.

-Vedtektene.

-Kalkyle - avfall til brenning -grovavfall.

-Brev frå revisor / Villighetserklæring.

Dagleg leiar orienterte om:

-Kostnadsbudsjettet pr 31.10.

-Prøvedrifta med ein mann bak på bilen så langt.

-Ny lov om offentlige innkjøp

-Framdrift vedkomande registrering av IKS selskap.

-Nyval av styre

-Ny regnskapsforskrift – evt konsekvensar for VØR

-Køyreløyve

-Vikariat for Gunn Velle – utlysing.

-Formannskapshandsaminga av budsjettsatsane pr dato - så langt.

Knut Steinsvik bad om at ein legg opp til ei årleg orientering til formannskapa i eigarkommunene.

SAK NR 37-01: AVTALE REKOM – BIOGAS – TAFJORD KRAFTVARME.

VEDTAK 4 RØYSTEFØRE

1. Styret godkjenner den førebelse avtalen med REKOM dagsett 29.11.01.
2. Styret føreset at endeleg avtale med REKOM vert lagt fram til godkjenning når den ligg føre.

3. Styret føreset vidare at VØR ikkje pliktar å levere avfall eller avfallsmengder til REKOM før forpliktinga til å levere tilsvarande mengder avfall til Tafjord Kraftvarme fell bort.
4. Styret føreset at med formuleringa ” i regionen” er meint avstandar innafor ein kostnad som gir VØR nettoinnsparing i høve til i dag.

Samrøystes i tråd med tilrådinga.

**SAK 38 - 01. REKOM – VARTDAL PLAST. UNNATEKE OFF.L § 6.2.b
VEDTAK 4 RØYSTEFØRE**

Styret tilrår representantskapen å gjere slikt vedtak:

1. Representantskapet tar orienteringa til administrasjonen til vitande.
2. Representantskapen gir styret fullmakt til å gå vidare med arbeidet med å få til ei lokal forbrenningsløyning bygt på prinsippet om at VØR er ein av fleire aktørar i dette selskapet.
3. Saka vert å kome attende til når det ligg føre fleire opplysningar i saka.
4. Styret vel repskapsleiar Knut Steinsvik og styreleiar Kari Aamaas til drøftings/ forhandlingsnemd ilag med dagleg leiar.

Samrøystes vedtak

Handsaminga.

Fellesframlegg til nytt punkt 4.

Styret vel repskapsleiar Knut Steinsvik med personleg vara Ove Lid og styreleiar Kari Aamaas med personleg vara Ivar Aarskog til drøftings/ forhandlingsnemd ilag med dagleg leiar.

**SAK 39–01. TILSETTING - ØYSTEIN BRUDEVOLL I VIKARIAT FOR A. HELTNE
VEDTAK 4 RØYSTEFØRE.**

Styret tilset Øystein Brudevoll som vikar for Alex Heltne i den tida Alex har permisjon frå 20.08.01 – 20.08.02. Brudevoll vert å plassere i stilling 6014, lønsramme 0201.

Samrøystes vedtak

Rett utskrift 05.12.01


Kari Aamaas


Ove Lid


Ove Myklebust


Ivar Aarskog


Petter Bjørdal
referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR
Møtedato 05.11.01
Møtet tok til 12.45
Møtet slutta 20.00

Desse møtte:
Kari Aamaas
Ove Lid
Ivar Aarskog
Ann Britt Våge Fannemel
Ove Myklebust
Knut Steinsvik (leiar i representantskapen.)

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka. På synfaringa deltok arbeidsleiar Magnar Lid. Sjøfører på omvisningsbilen var Alex Heltne som også har vore renovatør i området.

Styret starta møtet med å dra på synfaring i sak 32-01 i området Straumshamn, Høydal, Sundal, Kalvatn, Osdal, Skjåstadalen, Bjørke, Aurstad, Årset. Synfaringa varte til kl 16.20. Styremøtet starta deretter kl. 16.45 etter ei kort matpause.

Kari Aamaas leia møtet.
Det var ikkje merknader til innkallinga.
Sakliste vart godkjent med tillegg av sak 35 som styreleiar tok opp. Ann Britt Våge Fannemel bad om at budsjettkonsekvensane vart drøfta på bakgrunn av dei lokale forhandlingane i 2001. Dette vart det ikkje tid til då Fannemel måtte gå til klokka 20.00. Dette vert å kome tilbake til i neste styremøte.

SAKLISTE:

SAK NR 31-01: REFERATSAKER

Følgjande saker vart referert:

- Grovavfallsfyllplass på Lilleidet – levering av grovavfall i 2002.
- Pro-Aktiv: Framdrift – fakturering sjølv / kommunal regi.
- Investeringar 2001 – melding til styret datert 29.10.01.
- Kurs om styret si rolle. Styret var positiv til kurs saman med styret i SSR.
- NOMIL/ Biogas – status.
- REKOM – trevirke løysingar i Sykkylven / Vestnes / T.B.B.

Sak nr 32-01 RENOVASJONSFORSKRIFTENE § 7 – SYNFARING

Handsaminga.

Fylgjande brev og notat låg ved saka til styret i møte 29.05 og 24.09 og som styremedlemene skulle ta med til møtet 05.11.01: Kopi av gjeldande renovasjonsforskrifter § 7. Melding om politisk vedtak Volda Kommune - avfallsplan 2000-2003. Brev til abonnentane frå VØR 07.11.01: Om plassering av dykkar avfallsdunk. Kartskisse frå Olav E. Hovdenakk. Brev frå Liv Lid Sunde m.fl.11.11.01. Brev frå Johanne Karin Vatne 08.11.00. Brev frå Kjell

Aarsether 10.11.00. Brev frå Oddbjørn Egge 10.11.00. Brev frå Ottar Koppen 17.11.00. Brev frå Randi Aarseth 19.11.00. Brev frå Olav I.Liadal 20.11.00. Brev frå Terje Kalvatn 23.11.00. Brev frå Ørsta Kommune 21.11.00. Brev frå Jarle Ervik 23.11.00. Brev frå Oddvin Vatne m.fleire. 17.11.og 06.12.00. Brev frå Peder E. Hovdenakk 06.12.00. Brev frå Tore Stokke m.fl. 27.11.00. Brev frå Otto Fremmerlid m.fl. 18.11.00. Brev frå Jon Aasen m.fl. 21.11.00. Brev frå Hallgeir Heltne m.fl. 20.11.00. Brev frå Elbjørg Graskopf m.fl. 14.11.00. Brev frå Lars Olav Ose m.fl. 14.og 16.11.00 og svar frå Fylkesmannen datert 22.11.00. Brev frå Ragnhild Løvoll m.fl. datert 16.11.00. Brev frå Per Karstein Mork datert 10.12.00 og 19.04.01.Utklipp frå Møre frå Egil Trandal m.fl. datert 14.11.00. Kartskisse frå Mårstøyl / Bjerkvik i Volda. Brev frå Bruno Viddal datert 07.11.00.

Dagleg leiar opplyste om at det ikkje var gitt svar på breva i påventa av nærare avklaring.

Styret drøfta saka på bakgrunn av brev til VØR og synfaringar i dei siste tre styremøta. Styret bad administrasjonen starte sakshandsaming med sikte på revisjon av renovasjonsforskriftene snarast.

Sak nr 33-01 ETABLERING AV MILJØSTASJONAR. VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

1. Styret for VØR ber Volda Kommune i samband med rullering av kommunedelplan eller reguleringsplan i lokaldelsentera Fyrde, Folkestad og Lauvstad., lokalisere inn lokale miljøstasjonar i storleik 3-4 daa.
2. Styret for VØR ber Ørsta Kommune i samband med rullering av kommunedelplan eller reguleringsplan i lokaldelsentera Vartdal og Sæbø, lokalisere inn lokale miljøstasjonar i storleik 3-4 daa.
3. Styret ber administrasjonen lage ein plan for opparbeiding av slike miljøstasjonar, og legge det fram som eiga sak seinare.

Handsaminga.

Samrøystes i tråd med tilrådinga.

Sak nr 34-01 GODKJENNING AV PROTOKOLLAR ETTER LOKALE FORHANDLINGAR HTA 5.1 og 5.4. Unnateke off. § 5a. VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Protokollane frå dei lokale forhandlingane hausten 2001 vert godkjent.

Handsaminga.

1. Ove Myklebust stadfesta på vegne av NKF at dei vil gå inn på ei prøveordning i tråd med avtalen VØR-NKF sitt punkt tre.
2. Styret føreset at punkt tre i avtalen med NKF berre gjeld dei fast tilsette.
3. Dei administrativt tilsette vert å prioritere i neste lokale forhandling.
4. Ny midlertidig løn for Magnar blir ltr 32.

Sak nr 35-01. SØKNAD OM DEKNING AV UTGIFTER I SAMBAND MED FORNYING AV SERTIFIKART.

Handsaminga.

Styreleiar la fram saka med slik tilråding. Søknaden vert innvilga. Framlegget fall då fire stemde mot tilrådinga.

Rett utskrift 05.11.01



Kari Aamaas


Ove Lid


Ove Myklebust


Ann Britt Vaage Fannemel


Ivar Aarskog


Petter Bjørdal
referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte i Steinsvik hos Knut Steinsvik/ På ferja Volda -Folkestad

Møtedato 24.09.01

Møtet tok til 12.30

Møtet slutta 19.00

Desse møtte:

Kari Aamaas

Ove Lid

Ivar Aarskog

Knut Steinsvik (delvis)

Fråvær: Ann Britt Våge Fannemel, tilsettere representant.

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka. På synfaringa deltok arbeidsleiar Magnar Lid.

Sjåfør på bilen var Alex Heltne som også har vore renovatør i området.

Kari Aamaas leia møtet.

Det var ikkje merknader til innkallinga og sakliste.

Styret var på synfaring i sak 25-01. Saka vart deretter utsett til neste møte.

Styret drøfta sak 25-01 og handsama sak 26-01 og 29-01 i Steinsvik med Knut Steinsvik tilstade.

Sak 24-01, 27-01, 28-01, vart handsama på ferja Volda - Folkestad utan at Knut Steinsvik var tilstade

Neste styremøte vart fastsett til 05.11.01.

SAKLISTE:

SAK NR 24-01: REFERATSAKER

Følgande vart referert:

Rekneskapsrapport første åtte månader 2001, evt innspel i kommuneplanen for Vartdal

Sak nr 25-01 RENOVASJONSFORSKRIFTENE § 7.

Styret var på synfaring i Velsvika, Høgstøylen, Øvre Lauvstad til Skalde, Lauvstad, Sætreås, Dravlaus, Åmelfot, Vassbakke, Dale, Dalsbygda, Hesteflotten, Folkestad, Sollia, Folkestadås, Løndal, Flote, Krumsvik, Straumshamn, Kile.

Styret drøfta saka. Styret bad administrasjonen til neste møte førebu enkeltsakene til slutthandsaming.

Sak nr 26-01 BIOGAS - TAFJORD KRAFTVARME - VARTDAL PLAST

Saka vart framlagt som drøftingssak, der administrasjonen bad om råd for vidare arbeid. Administrasjonen la fram tilleggskriv på møtet dagsett 24.09.01.

Styret signaliserte vilje til å satse på lokal foredling av restavfallet i VØR regi. Styret vil også om nødvendig skyte inn deler av ein aksjekapital for å få realisert eit lokalt forbrenningsanlegg av restavfall.

Sak nr 27-01 FAKTURERING SJØLV - OPPFØLGING AV K-STYREVEDTAK.

VEDTAK (3 RØYSTEFØRE)

Styret vedtek at VØR skal starte fakturering av abonnementa sjølve frå 01.01.02. Abonnementa vert å fakturere tre gonger pr år.

Styret vedtek å investere i programvare og evt utstyr som kan takle fakturering innafor ei ramme på kr 350.000,-

Samrøystes vedtak i tråd med tilrådinga.

SAK 28-01. INVESTERINGAR HAUSTEN 2001 .

VEDTAK (3 RØYSTEFØRE)

Styret ber administrasjonen ta opp lån stort kr 2.000.000,- til finansiering av renovasjonsbil, ombygging av sorteringshall og bygging av yttergjerde til den lånegivar som gir beste vilkåra.

Samrøystes vedtak i tråd med tilrådinga..

SAK 29 - 01. BUDSJETT 2002.

VEDTAK (3 RØYSTEFØRE)

1. Styret vedtek i medhald av lov av 13 mars 1988, nr 6 om vern mot forureining og avfall, å tilrå representantskapen å vedta slike satsar for avfallsgebyr for 2001.
Alle summar ekskl. MVA

1.1 Hushaldningsgebyr pr abonnent:

a) Småhushald. Henting annakvar veke 140 L	kr 1860,-
b) Standardhushald Henting kvar veke 140 L	kr 2100,-
c) Storhushald. Henting kvar veke 240 L	kr 3980,-
d) Standardhushald med kompostering Henting annakvar veke 140 L	kr 1710,-
e) Storhushald med kompostering Henting annakvar veke 240 L	kr 3420,-
f) Samarbeid inntil 2 abonnentar, 140L henting annakvar veke; pr abonnent	kr 1790,-
g) Samarbeid inntil 2 abonnentar, 140L, henting kvar veke; pr abonnent	kr 1970,-
h) Samarbeid 240L eller større, henting kvar veke inntil 140L; pr abonnent	kr 2020,-

1.2 Gebyr for næringer:

a) Årsgebyr	kr 2260,-
b) Årsgebyr 240 l dunk	kr 4520,-
c) Årsgebyr 340 l dunk	kr 6780,-
d) Årsgebyr 660 l dunk	kr 11300,-

1.3 SLAM

	HEILÅRSBUSTAD.	FRITIDSBUSTAD	
a) Gebyr pr tank inntil 4,5 m3		kr 690,-	kr 345,-
b) Gebyr for to husvære m. tank inntil 7 m3		kr 1095,-	kr 547,50
c) Gebyr for 3 husstandar m. tank inntil 10 m3		kr 1630,-	kr 815,-
d) Gebyr pr m3 over 4,5 m3		kr 360,-	

Slammet skal tømast annakvart år for heilårsbustad og kvart fjerde år for fritidsbustad.

1.4. Pris pr kolli sekk: kr 46,-

2. Styret rår representantskapen til å godkjenne ei låneramme stor kr 6.000.000 til investeringar og driftsmidlar i år 2002.

3. Styret vedtek slike satsar for 2002 for grovavfall / næringsavfall levert på VØR. Alle prisar pr tonn

a) Blanda avfall	kr 1390,-
b) Grovavfall	kr 1150,-
c) Papp	kr 350,-
d) Metall	kr 350,-
e) Hestegjødsl pr kbm	kr 112,-
f) E.E. avfall frå næringer (unntatt Renasvarer og kuldemøblar)	kr 500,-
g) Reint trevirke	kr 900,-
h) Sorteringsgebyr	kr 600,-
i) Slam frå kommunalt anlegg	kr 1390,-

Samrøystes vedtak i tråd med tilrådinga.

SAK: 30- 01 KJELL NES – KLAGE PÅ VEDTAK. (VEDTAK 3 RØYSTEFØRE)

Styret i VØR viser til klage på vedtak i sak 22-01, og finn å halde fast på tidligare vedtak.
Styret vil elles vise til at klagefristen etter forvaltningslova (fvl) § 29 er overskriden med fem veker.
Saka vert å oversende formannskapet i Volda som siste klageorgan.
Samrøystes vedteke.

Handsaminga.

Ove Lid kom med slik endra framleg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

Styret i VØR viser til klage på vedtak i sak 22-01, og finn å halde fast på tidligare vedtak.

Styret vil elles vise til at klagefristen etter forvaltningslova (fvl) § 29 er overskriden med fem veker.

Saka vert å oversende formannskapet i Volda som siste klageorgan.

Tilråding til vedtak:


Styret i VØR viser til klage på vedtak i sak 22-01, og finn å avvise klagen, då klagefristen på tre veker etter forvaltningslova (fvl) § 29 er overskriden med fem veker.


Saka vert å oversende formannskapet i Volda til orientering.

Sak nr 30-01 YMSE.

Det vart lagt fram tilbod frå CAP GEMINI om strategiseminar. Styret valde å ta ta tilbodet til vitande.

Rett utskrift 24.09.01


Kari Aamaas


Ove Lid


Ivar Aarskog


Petter Bjørdal
referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR

Møtedato 29.05.01

Møtet tok til 15.00

Møtet slutta 21.30

Desse møtte:

Kari Aamaas

Ove Lid

Ivar Aarskog

Ann Britt Våge Fannemel

Bård Johansen

Knut Steinsvik

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka. Kari Aamaas leia møtet.

Det var ikkje merknader til innkallinga og sakliste.

Styret var på synfaring i sak 16-01. Saka vart deretter utsett til neste møte.

SAKLISTE:

SAK NR 12-01: REFERATSAKER

Følgande vart referert:

Brev Lars hjorthaug - Gunnar Løvøy, Rekneskapsrapport første kvartal 2001, Renovasjon Roger Hoggen.

Unnateke off. § 5a, Brev frå Høydal grendalag - grovavfallscontainer, Innsamling av grovavfall frå bygdene, Etterkalkyle grovavfall - hageavfall, Differensierte avgifter - inntrykk frå første faktureringsrunde, Klage på gebyr renovasjon - Solveig Sætre, Brev vedk. selskapsavtale, Samordning av gjennvinningsbegrep, Klage på gebyr grovavfall E.E. avfall, Klage på gebyr grovavfall VRK, Endra innstruks ML / BB, Avtalar med kundar - krav til kvalitets-miljørutiner, Permisjon Gunn Velle, Møtereferat 17.04.01, Avfallsforum 11-13/6, Nabovarsel Opsal Betong, Brev Jan T. Gretland, Vedtak i FUM -Retningslinjer for plassering av bosskur, Biform -Tap på krav.

Sak nr 13-01 REGULERING AV BONDALSEIDET - UTTALE. VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Styret i VØR ber Ørsta Kommune om å regulere inn plass for avfallskontainer / Molokløyning, i samband med regulering av hytteområde på Bondalseidet.

Samrøystes vedtak i tråd med tilrådinga.

Sak nr 14-01 PRIS - HENTING PÅ LANGE AVSTANDAR. VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

1. Styret gjer om inkje vedtak i sak 29-00.
2. Styret fastset gebyrsatsen pr år for henting på lange avstandar for 2001 til kr 365,- + mva for dei med henting kvar veke og kr 220,- + mva for dei med henting annakvar veke.
3. Administrasjonen vert beden om å sette i verk vedtaket frå andre halvår.

Samrøystes vedtak i tråd med tilrådinga.

Sak nr 15-01 HESTEGJØDSEL - GEBYRSATS. VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Styret i VØR fastset gebyrsatsen for levering av hestegjødsel i Alida for 2001 til kr 108,- pr kbm + mva.

Samrøystes vedtak i tråd med tilrådinga.

Sak nr 16-01 RENOVASJONSFORSKRIFTENE § 7.
Saka vart utsett.

**Sak nr 17-01 VEDTAK OM SPONSORSTØNAD 2001.
VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)**

Styret vedtek å sponse følgjande organisasjonar i 2001:

Volda Røde Kors	kr 5000,-
Ørsta Røde Kors	kr 3500,-
Hovdebygda Soge og Velferdslag	kr 1500,-

Kostnaden vert å dekkje over konto 7320 Informasjon.

Samrøystes vedtak.

Handsaminga:

Saka vart lagt fram utan tilråding til kva organisasjon som skulle sponsast, men med tilråding om storleiken på sponinga og dekningsmåten. Styret fremja slikt fellesframlegg: Volda Røde Kors kr 5000,- Ørsta Røde Kors kr 3500,-, Hovdebygda Soge og Velferdslag kr 1500,-.

Sak nr 18-01 YMSE.

Styret fekk framlagt brev frå Biogas datert 30.04 og 02.05. Styret drøfta brevet, men gjorde ikkje vedtak i saka.

Styret fekk framlagt brev frå Rekom og Retura om aksjeteikning. Styret gjorde ikkje vedtak, med visning til at ei slik aksjeteikning ikkje er budsjettert i år.

**SAK NR. 19 - 01 TORDIS HARTMANN – KLAGE PÅ VEDTAK.
VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)**

Styret for VØR viser til klage på vedtak av 9.11.00, og finn ikkje å kome klagen i møte i samsvar med gjeldande renovasjonsforskrifter § 4, § 10 og §11.

Renovasjonsforskriftene § 4 pålegg alle eigedomar i kommunen der det går føre seg aktivitet som fører til at det oppstår forbruksavfall, tvungen renovasjon.

Eigedomen er bebudd i ei samanhengande periode på tre månader om gangen og såleis omfatta av tvungen renovasjon.

I § 11 heiter det: "Det at ordninga ikkje vert brukt, at bruken er tungvint eller vert sett på som unødvendig eller lignande, gjev ikkje grunnlag for fritak for ordninga eller betalingsplikta." Sitat slutt.

Styret stadfestar med visning til renovasjonsforskriftene § 4, § 10 og § 11 og administrasjonen sitt vedtak av 9.11.2000 at eigedomen skal ha 60% fritak for renovasjonsavgift for 2000.

I samsvar med fvl. §§ 28 og 29, kan vedtaket påklagast, og skal stilast til styret i VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

Samrøystes vedtak i tråd med tilrådinga.

**SAK NR. 20 - 01 TERJE GAREN – KLAGE PÅ VEDTAK.
VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)**

Styret for VØR viser til klage på vedtak av 29.05.00, og finn ikkje å kome klagen i møte i samsvar med gjeldande renovasjonsforskrifter § 10.

I samsvar med fvl. §§ 28 og 29, kan vedtaket påklagast til formannskapet i Volda, og skal stilast til styret i VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

Styret ber nemda for revidering av forskriftene til VØR vurdere saka

Samrøystes vedtak i tråd med tilrådinga

**SAK NR. 21 – 01 JORUNN BØRTVEIT – KLAGE PÅ VEDTAK.
VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)**

Styret for VØR viser til klage på vedtak av 17.09.00, og finn ikkje å kome klagen i møte i samsvar med gjeldande renovasjonsforskrifter § 10.

I samsvar med fvl. §§ 28 og 29, kan vedtaket påklagast til formannskapet i Volda, og skal stilast til styret i VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

Samrøystes vedtak i tråd med tilrådinga

**SAK NR. 22 – 01 KJELL NES – KLAGE PÅ VEDTAK.
VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)**

Styret for VØR viser til klage på vedtak av 15.11.00, og finn ikkje å kome klagen i møte i samsvar med gjeldande renovasjonsforskrifter § 10 og 11.

I samsvar med fvl. §§ 28 og 29, kan vedtaket påklagast til formannskapet i Volda, og skal stilast til styret i VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

Samrøystes vedtak i tråd med tilrådinga


**SAK 23 – 01 MAGNHILD HAUGE – KLAGE PÅ VEDTAK.
VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)**

Styret for VØR viser til klage på vedtak av 29.11.00, og finn ikkje å kome klagen i møte i samsvar med gjeldande renovasjonsforskrifter §§ 10 og 11.

I samsvar med fvl. §§ 28 og 29, kan vedtaket påklagast, og skal stilast til styret i VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

Samrøystes vedtak i tråd med tilrådinga

Rett utskrift 29.05.01


Kari Aamaas


Ove Lid


Bård Johansen


Ann Britt Vaage Fannemel


Ivar Aarskog


Petter Bjørdal
referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

EKSTRAORDINÆRT MØTE

Heldt møte på VØR

Møtedato 17.01.01

Møtet tok til 15.00

Møtet slutta 16.30

Desse møtte:

Kari Aamaas

Ove Lid

Ivar Aarskog

Ann Britt Våge Fannemel

Ove Standal

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka. Kari Aamaas leia møtet. Det var ikkje merknader til innkallinga.

SAKLISTE:

SAK NR 01-01: GROVAVFALL. Unnateke Off. § 5

Vedtak (5 røysteføre)

Styret vedtek å gi administrasjonen fullmakt til å forhandle med Vartdal Transport, evtnt andre lokale interessentar, om kjøp av firmaet Tor Brenne AS.

Dekning investeringskonto - anlegg.


Samrøystes vedtak


Handsaminga.

Administrasjonen orienterte. Styret fremja deretter slikt fellesframlegg.

Rett utskrift 17.01.01



Kari Aamaas


Ove Lid


Ove Standal


Ann Britt Vaage Fannemel


Ivar Aarskog


Petter Bjørdal
referent